

Mindre avrenning frå jordbruket

Satsinga på 'Frivillige tiltak i landbruket' blei starta i 2004. Føremålet er å minske næringsavrenninga frå jordbruket på Jæren for å få betre vasskvalitet.

Det er etablert støtteordningar gjennom 'Regionalt miljøprogram' og 'SMIL' i utvalte område. Delar av Rogaland er også inkludert i nasjonalt pilotprosjekt om tilskot til miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel.



Frivillige tiltak er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og kommunane: Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Det blir også samarbeida tett med Norsk landbruksrådgiving Rogaland.

Viktigaste målgruppe er gardbrukarane. Det blir arbeida med å:

- Informere om gjødsling
- Etablere fleire ugjødsla randsoner
- Etablere fleire reinseparkar
- Følgje opp bekkelag
- Etablere og følgje opp miljøavtala i Skas Heigre
- Følgje opp og hindre punktutslepp
- Hjelpe og informere kommunal landbruksforvaltning
- Halde kontakt med rådgjevinga i jordbruket

Frivillige tiltak i landbruket
Jæren vannområde



Foto: Arne J. Lyshol

Prosjektleiarar:

Olaf Gjedrem.
Mob: 930 63 697


Olav R. Husveg.
Mob: 416 90 317

Kontaktperson hos Fylkesmannen i Rogaland: Monica Dahlmo, 51 56 89 66 e-post: monica.dahlmo@fmro.no
www.fylkesmannen.no/rogaland


Noregs spisskammers

Jæren er eit intensivt husdyrområde. Tilhøva for grasproduksjon er svært god, med ein vekstsesong som strekkjer seg frå mars til november. Avlingsnivået ligg rundt 1100 kg ts/daa. Gjennomsnittleg nedbørmengd er 1280 mm/år (Særheim). Fôrproduksjon basert på raigras dominerer. Det er også ein del produksjon av potet, korn og grønsaker.

Området er lite utsett for erosjon (med unntak av vinderosjon på sandjord) og tap av næringsstoff skjer hovudsakleg gjennom overflate- og grøfteavrenning. Mykje av jorda har høge P-Al tal og det er truleg vesentleg tap av fosfor i laus form til vassdraga. Berre delar av området er kartlagt m.o.t. jordsmonn.



Figur som viser prosentvis del av produksjonen av mjølk, slaktegris og slaktekylling i kommunane som er med i frivillige tiltak



● Søkjarar om produksjonstilskot jan 2011
□ Kommunar med i Frivillige tiltak i landbruket

Miljøavtalar i Skas Heigre

Det er etablert miljøavtalar med 71 bønder i nedbørsfeltet til Skas Heigre (2010-2012). Bøndene får støtte frå Regionalt miljøprogram for å mellom anna: * ikkje gjødsle med meir en 3 kg fosfor ved P-Al > 7 (grasdyrking)* Halde ugjødsla randsoner mot vassdraga * Ta prøver av husdyrgjødsla for å nytte denne optimalt *ikkje pløye om hausten.

Gardbrukarane må sørge for at gjødsellageret er tømt innan 1. august, og dei må levere kopi av gjødseljournal saman med søknad om RMP. Dei er forplikta til å gjennomføre alle tiltaka som er opplista. Støtta i avtaleperioden er kr 100/daa for fulldyrka og kr 60/daa for innmarksbeite. Ca 21 000 dekar er med i avtalane, noko som utgjer ca 90 % av nedbørsfeltet. I 2011 viste vassprøvene i Skas Heigre nedgang for innhald av fosfor. Det gjødselast minst 0,5 kg/daa mindre med fosfor enn vanlig praksis. Det gir minst 10 tonn mindre tilførsel av fosfor i nedbørsfeltet per år.

Bekkelag

Bekkelaga er ein viktig del av satsinga på frivillige tiltak, og det er minst eit møte i året i kvart lag. Det er 44 bekkelag i området og over 1000 bønder er med. Dei følgjer med og tek ansvar for vasskvaliteten i sitt nedbørsfelt. Dei skal også hjelpe kvarandre om det skjer uhell. Bekkelaga er viktige både faglig og sosialt.

Ugjødsla randsoner

Utvalte stader blir det gitt tilskot til å halde grasdekte og ugjødsla randsoner mot vassdrag på fulldyrka mark. Det er krav om 5 meter avsett på grovfôrareal og 10 meter avsett i korn-, potet-, og/eller grønsaksareal. Randsonene skal haustast ved slått eller beite. I 2011 blei det søkt om 161 km randsoner i kommunane som er med i frivillige tiltak.

Rett gjødsling

Tradisjonelt har det blitt gjødsle med meir fosfor enn kva plantene treng, og mange stader finn vi høge fosforkonsentrasjonar i jordbruksjorda. I satsinga på frivillige tiltak blir det fokusert på å bruke husdyrgjødsle optimalt. I grasproduksjon er det ikkje naudsynt å bruke mineralgjødsel med fosfor i tillegg til husdyrgjødsel på areal med P-Al>7. Høgare prisar og meir bevisste gardbrukarar har gjort at salet av fosforhaldig mineralgjødsel har gått kraftig ned dei seinaste åra.